



# KONKURRANSEGRUNNLAG

**Teknisk plan - Prestagarden**

**Hjelmeland kommune**





**TILBODSFRIST: 04.04.2024 kl. 12:00.**

<b>Type kontakt:</b>	NS 8401 - Alminnelige kontraktsbestemmelser for prosjekteringsoppdrag
<b>Type kunngjering:</b>	DOFFIN-kunngjering
<b>Gjeldende forskrift:</b>	Forskrift om offentlege anskaffingar
<b>Vald prosedyre:</b>	Open anbodskonkurranse
<b>Oppdragsgjevar:</b>	Hjelmeland kommune
<b>Kontraksperiode:</b>	2024



# Innhald

<b>1</b>	<b>GENERELL BESKRIVING</b>	<b>5</b>
1.1	Oppdragsgjevar	5
1.2	Anskaffingas føremål og omfang	5
1.3	Beskriving av oppdragsgjevares behov	6
1.4	Synfaring	7
1.5	Avtaletype	7
1.6	Avtaleperiode	7
1.7	Heil- eller deltilbod	7
1.8	Alternative tilbod	7
1.9	Konkurransgrunnlaget	7
1.10	Kunngjering	8
1.11	Viktige datoar	8
<b>2</b>	<b>REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN</b>	<b>8</b>
2.1	Anskaffingsprosedyre	8
2.2	Kommunikasjon	9
2.3	Offentlegheit og teieplikt	9
2.4	Oppdatering av konkurransgrunnlag og tilleggsopplysningar	9
2.5	Oppdragsgjevares atterhald	10
<b>3</b>	<b>KRAV TIL TILBODET</b>	<b>10</b>
3.1	Tilbodsfrist	10
3.2	Tilbodets utforming ved levering	10
3.3	Språk	11
3.4	Leverandørens atterhald	11
3.5	Mangelfull prisutfylling	11
3.6	Openberre feil	11
3.7	Vedståingsfrist	11
3.8	Omkostningar	11
<b>4</b>	<b>KRAVSPESIFIKASJON</b>	<b>12</b>
<b>5</b>	<b>KVALIFIKASJONSKRAV</b>	<b>12</b>
5.1	Skaffeattest	12
5.2	Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling	12
5.3	Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet	12
5.4	Miljø	13
5.5	Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar	13



5.6	Tredjemannsressursar .....	13
<b>6</b>	<b>AVGJERSLE AV KONKURRANSEN .....</b>	<b>14</b>
6.1	Tildelingskriterium.....	14
6.2	Innstilling på tildeling av kontrakt .....	14
<b>7</b>	<b>KONTRAKT .....</b>	<b>14</b>
<b>8</b>	<b>INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODETS UTFORMING .....</b>	<b>15</b>
<b>9</b>	<b>FIRMAINFORMASJON OG SIGNERING .....</b>	<b>15</b>



## 1 GENERELL BESKRIVING

### 1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er Hjelmeland kommune, som geografisk ligg i Ryfylke i Rogaland. For meir informasjon om Oppdragsgjevar, sjå: <http://hjelmeland.kommune.no>

Funksjonen som byggherre blir tatt hand om av eining for Prosjekt og digitalisering.

Oppdragsgjevares kontaktperson er:

Namn	Kenneth Meland
e-post	Kenneth.meland@hjelmeland.kommune.no

Eventuelle spørsmål til konkurransen skal rettast skriftleg til kontaktpersonen for konkurransen via Mercell, ref. punkt 2.2.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar i Hjelmeland kommune om denne konkurransen eller innhaldet i konkurransen enn oppgitt kontaktperson.

### 1.2 Anskaffinga sitt føremål og omfang

Hjelmeland kommune har vedteke ein arealplan for Hjelmeland sentrum kor det no har kome frem eit behov for å utarbeide teknisk plan for ein del av området.

Den tekniske planen er avgrensa til omlegging av Prestagarden, inkl. tilpassing av parkeringsplassen ved kyrkja og opparbeiding av bustadområda LH2, LH3 og B/T som vist i R179 Hjelmeland Sentrum. Planen skal inkludera VA, i samsvar med VA-rammeplan før området.

For geografisk avgrensing sjå **Feil! Fann ikkje referansekjelda..**

Slik Prestagarden ligg i dag kjem vegen ned på Fv660 gjennom område T5. I reguleringsplan R179 er vegen lagt om til å ta ein del av arealet som i dag er parkering for kyrkja, her skal grensesnitt mot fylkesveg ivaretakast. Der dagens utkøyning ligg skal det ble etablert kantstopp for buss. Ny inn- og utkøyning for område T5 skal ligga på nordsida av området, som vist i områdeplan R179. Parkeringa til kyrkja må leggest om og oppmerking må planleggast ut frå best mogleg arealutnytting. Område P7 skal bevarast som den framstår i dag med mindre det avdekkast noko under planlegginga som tilseier at det krevjast tiltak. Innkøyningar langs Prestagarden opp til og med LH 2 skal ivaretakast.

Den tekniske planen skal utarbeidast slik at den for LH2 og LH3 legg til rette for bygging av bustadar, for S6, S7, S8 og S9, område for torg T5 legg til rette for utvikling av sentrumsformål og for B/T legg til rette for bygging av kombinasjonsbygg for bustad og næring. For detaljert beskriving av føresegner for dei ulike områda, sjå Føresegner R179 Områdeplan Hjelmeland Sentrum §5.5, 5.7 og 5.8.


Sørvest for B/T ligg ein helse-/omsorgsinstitusjon, denne krev at tilkomst for ambulanse blir vareteke heilt ned til Fv660.

Under Prestagarden ligg nokre VA-røyr, men kvaliteten varierer slik at det ikkje er heile nettet som held tilfredsstillande standard. Teknisk plan skal inkludera VA for vegen innanfor





området illustrert i **Feil! Fann ikkje referansekjelda.** som er i samsvar med vedlegg 4 VA-rammeplan for R179 Områdeplan sentrum.



BILETE 1 - AVGRENSING PLANOMRÅDE

### 1.3 Beskriving av oppdragsgjevars behov

Hjelmeland kommune gjennomfører ei open anbudsrunde for utarbeiding av teknisk plan for Prestagarden som vist i illustrasjonen i punkt 1.2 over. Arbeidet er ytterlegare beskrevet i dette punktet og i *Vedlegg 2 – Kravspesifikasjon*. Arbeidet skal utføres av ein leverandør med det faglege, tekniske og økonomiske grunnlaget for utføring av dei oppgåver som er beskrevet i denne konkurransen.

Oppdraget består overordna av:

- Teknisk plan for Prestagarden med tilhørende bustadområde LH2 og LH3, område for sentrumsfremål S6, S7, S8 og S9, område for torg T5, nødvendige tilpassingar for parkeringsplassen knytt til Hjelmeland kyrkje og område B/T for kombinert bustad/tenesteyting jf. Byggesaksforkriften §17-3.
- Kostnadsestimat for realisering av Prestagarden.
- Postbeskriving på 3-siffer nivå etter NS 3420.



- Byggesøknad om nokon element krev dette jf. Pbl.

Den tekniske planen skal vise

- veg, prosjektert etter gjeldande normer utarbeidd av Statens Vegvesen
- VA og overvatn, i samsvar med vedlegg 4
- renovasjon, i samsvar med Kommunalteknisk avfallsnorm 2021 Ryfylke
- straum (innfor planområdet er det berre lågspent, men det gjerast merksam på at det ligg ei høgspenteledning øst for område FS8)
- veglys

Etter at det ovannemnde arbeidet er ferdig, skal det utarbeidast eit kostnadsestimat fordelt på postar på tresiffernivå i samsvar med NS3420 for utføringa av dette arbeidet.

#### 1.4 Synfaring

Det blir felles synfaring på plassen om ønskeleg, torsdag 21. mars 2024 kl. 09:00. Oppmøte for synfaring vil vera ved parkeringsplassen til kyrkja, rett over vegen for Prestagarden 5, på Hjelmeland. Synfaring blir berre gjennomført dersom me får påmeldingar innan tysdag 19. mars kl 15:00, til [kenneth.meland@hjelmeland.kommune.no](mailto:kenneth.meland@hjelmeland.kommune.no).

#### 1.5 Avtaletype

Entreprisekontakt etter NS 8401. Arbeidet skal utførast etter fastpris

#### 1.6 Avtaleperiode

Avtalen skal ha ei varigheit frå kontraktens oppstartsdato til overtaking av anlegget.

#### 1.7 Heil- eller deltilbod

Det er ikkje tilgang til å gje deltilbod.

#### 1.8 Alternative tilbod

Det er ikkje tilgang til å gje alternative tilbod på oppdraget.

#### 1.9 Konkurransgrunnlaget

Konkurransgrunnlaget er alle dokumenter, unntatt kunngjeringa, som oppdragsgjevar utformar eller visar til for å beskrive eller fastlegge elementa i anskaffinga eller konkurransen. Dette inkluderer dokument som beskriv kva som skal skaffast, kontraktsvilkåra og korleis oppdragsgjevar skal gjennomføre konkurransen, kvalifikasjonsgrunnlag og eventuelle supplerande dokument og tilleggsopplysningar (til dømes svar på spørsmål til konkurransgrunnlaget).

Dette konkurransgrunnlaget består av følgjande dokumenter:



Dokument	Namn
Del I	Konkurransebeskriving – Teknisk plan Prestagarden
Del II	Kontraktsgrunnlag - Teknisk plan Prestagarden
Vedlegg 1	Tilbodsskjema
Vedlegg 2	Kravspesifikasjon
Vedlegg 3	Prisskjema
Vedlegg 4	VA-rammeplan for R179 Områdeplan sentrum
Vedlegg 5	Notat grunnforhold og utbygging Hjelmeland R179 områdeplan
Vedlegg 5.1	Geoteknisk rapport 2021

I tillegg kan sjølve reguleringsplan R179 med føresegn finnast på

<https://www.arealplaner.no/1133/arealplaner/search>

Kommunalteknisk avfallsnorm 2021 Ryfylke ligg ute på [ivarryfylke.no](http://ivarryfylke.no) si side

## 1.10 Kunngjering

Denne konkurransen er kunngjort gjennom Mercell, oppdragsgjevars konkurransegjennomføringsverktøy (KGV), i kunngjeringsdatabasen DOFFIN som open tilbuds konkurranse under EØS terskelverdi.

## 1.11 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Spørsmålsfrist	21.03.2024 kl. 12:00
Frist for å levere tilbod	04.04.2024 kl. 12:00
Tilbudsopning, ikkje offentleg	05.04.2024 kl. 12:00
Evaluering og vurdering av tilbod	Veke 15-16
Val av leverandør og melding til leverandørar	Veke 17
Karensperiode	10 dagar etter innstilling er offentleggjort
Kontraktinngåing	Veke 20
Tilbodets vedståingsfrist	90 kalenderdagar frå tilbudsfristens utløp
Oppstart av arbeid	Avtalast ved kontraktinngåing
Ferdigstilling av arbeid : Tekniske planar og kostnadsestimat	01.10.2024

Det blir gjort merksam på at tidspunkt etter tilbudsfrist er mellombelse og kan bli gjenstand for justeringar. Ei eventuell forlenging av vedståingsfrist kan berre skje om leverandøren godkjenner dette.

## 2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

### 2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) FOR 2016-08-12-974 del I og del II, som open anbuds konkurranse. Oppdragsgivar har vald å nytta seg av (FOA) FOR 2016-08-12-974





del II sjølv om anskaffinga er antatt å ikkje overstige terskelverdi gitt i (FOA) FOR 2016-08-12-974 §5-3. (1) a, likevel vil konkurransen berre utlysast på nasjonalt nivå.

Oppdragsgjevar føreheld seg retten til å forhandle om alle sider ved tilbodet dersom dette blir sett på som hensiktsmessig, men har ingen plikt til å gjer dette. Det blir presisert at ingen tilbydarar kan forvente forhandlingar rundt sitt tilbod. Vidare blir det gjort merksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta skal avisast etter forskrift om offentlege anskaffingar §9-6(1) b. Oppdragsgjevar kan avvise tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklarheiter eller liknande som ikkje må reknast for å vera ubetydelege, jf. forskriftas §9-6(2).

Leverandøren oppfordrast derfor på det sterkaste til å følgje dei anvisningar som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stilte spørsmål ved uklarheiter gjennom Mercell til kontaktperson.

## 2.2 Kommunikasjon

All kommunikasjon i prosessen skal skje via Oppdragsgjevars KGV (konkurransegjennomføringsverktøy) Mercell. Anna kommunikasjon med personar som deltar i avgjerdsprosessen er ikkje tillate, og henvendingar som skjer på anna måte kan ikkje reknast med at blir svart på. Dette fordi all kommunikasjon skal loggførast.

Leverandør skal i tilbods brevet oppgje kontaktperson for konkurransen, med tilhøyrande adresse og e-postadresse. Dersom kontaktperson blir endra, skal oppdragsgjevar informerast. Oppdragsgjevar tar ikkje ansvar for informasjon som ikkje når fram fordi tilbydars kontaktperson er endra utan at dette er meldt til oppdragsgjevar i samsvar med konkurransegrunnlaget sine reglar.

## 2.3 Offentlegheit og teieplikt

For allmenta si innsyn i dokument knytt til ei offentlig anskaffing gjeld offentliglova. Oppdragsgjevar og oppdragsgjevars tilsette pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsinnhald det vil vera av konkurransemessig betydning å halde hemmeleg, jf. FOA §§7-3 og 7-4 og jf. Forvaltningslova §13.

Ved krav om innsyn, gjennomfører oppdragsgjevar ei uavhengig vurdering av i kva grad opplysningar er av ein slik art at oppdragsgjevar pliktar å gjere unntak for dei frå offentlegheita.

## 2.4 Oppdatering av konkurransegrunnlag og tilleggsopplysningar

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert sin interesse for konkurransen for anskaffinga på Doffin.no. Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjer tilstrekkeleg rettleiing eller er uklart, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hjå oppdragsgjevar ved oppdragsgjevars kontaktperson.

Dersom leverandør oppdagar feil eller uklarheiter i konkurransegrunnlaget, bes det om at dette blir formidla skriftleg til oppdragsgjevars kontaktperson.

Skriftleg henvending om tilleggsopplysningar merkast med konkurransens namn og sendes Oppdragsgjevars kontaktperson via Mercell, ref. punkt 2.2.



## 2.5 Oppdragsgjevars atterhald

Oppdragsgjevar kan avlyse konkurransen med augeblikkeleg verknad dersom det føreligg sakleg grunn.

Til dømes vil følgjande forhold alltid vera sakleg grunn til å avlyse konkurranse:

- Å avvise leverandørar som ikkje leverer eit komplett signert tilbod og oppfyll dei krav som er skissert i dette konkurransegrunnlaget, kravspesifikasjon og i forskrift om offentlege anskaffingar.
- Endringar i prosjektet som følgje av endra økonomiske rammevilkår/budsjett, bortfall av planlagd finansiering, organisatoriske og politiske endringar og kommunal aktivitet.
- Anskaffinga føreset styregodkjenning, samt at nødvendige godkjenningar blir gitt. Manglande godkjenning vil føre til avlysing av konkurransen.

Av same årsak kan planlagt oppstart av kontraktarbeidet måtte bli justert.

Det blir ikkje gitt kompensasjon ved avlysing av konkurransen for overliggande årsaker.

Oppdragsgjevar tar atterhald om at kontrakt ikkje vil verte inngådd dersom tilboda overskride vedtatt budsjett for gjennomføring av arbeidet beskrive i dette dokument.

Oppdragsgjevar gjer spesielt merksam på at gjennomføringa av prosjektet avheng av tilfredsstillande finansiering og godkjenning frå offentleg mynde.

## 3 KRAV TIL TILBODET

### 3.1 Tilbudsfrist

Tilbudsfristen er gitt i punkt 1.11.

Alle tilbod skal leverast elektronisk gjennom oppdragsgjevars KVG (konkurranseregjennomføringsverktøy).

Det verte anbefalt at tilbodet blir levert i god tid før fristens utløp.

Tilbod som ikkje er registrert i KGV ved fristens utløp vil ikkje bli tatt med i vurderinga.

Leverte tilbod kan endrast heilt fram til tilbudsfristens utløp. Det sist leverte tilbodet blir rekna som det endelege tilbodet.

### 3.2 Tilbodets utforming ved levering

Tilbodet skal leverast med filnamn i samsvar til følgande struktur:

- Utfylt og signert konkurransegrunnlag (Hugs atterhald, tredjemannsressursar og firmainformasjon)
- Vedlegg 1 – Tilbodsskjema med eventuelle avvik frå konkurransegrunnlaget
- Vedlegg 2 – Utfylt kravspesifikasjon
- Vedlegg 3 – Utfylt prisskjema
- Vedlegg 4 – Framdriftsplan for oppdraget
- Vedlegg 5 – Attest miljøsertifisering
- Vedlegg 6 – CV tilbydd ressurs



Dokumentasjon til kvalifikasjonskrava lastas opp direkte til oppdragsgjevars KGV (konkurransgjennomføringsverktøy).

Tilbodsdocumenta skal kunna lesast av Oppdragsgjevars programvarer, som er Word, Excel, Adobe Acrobat DC (PDF-format) og andre programmer frå Microsoft Office.

Det presiserast at tilbods brevet skal underteiknast av ein som har fullmakt til å pådra leverandøren forpliktingar.

### 3.3 Språk

Tilbudet skal vere skriva på norsk.

Brosjyrar, produktdatablad, mv. skal fortrinnsvis vera på norsk, men kan også vera på svensk, dansk eller engelsk der det er vurdert som hensiktsmessig.

Oppdragsgjevar føreheld seg retten til å avvisa dokument på andre språk enn norsk.

### 3.4 Leverandørens atterhald

Konkurransgrunnlaget med vedlegg skal leggest til grunn for innlevering av tilbod i konkurransen.

Atterhald og avvik kan føre til avvising i konkurransen. I staden for å gi tilbod med atterhald/avvik bør tilbydarane stille spørsmål undervegs i gjennomføringa av anskaffinga.

Dersom Leverandøren ynskjer å ta atterhald mot delar av konkurransgrunnlaget, eller det går fram av samanhengen for anna at det er tatt atterhald, må atterhalda beskrivast så eintydig og presist at Oppdragsgjevar kan vurdere atterhalda utan kontakt med Leverandøren. Alle atterhald skal tas inn i eit eige følgeskriv som merkast med *Leverandørens atterhald*, og det må uttrykkeleg bli angeve kva punkt i konkurransgrunnlaget atterhaldet gjeld.

	Ja	Nei	Vedlegg nr.
Tas det spesielle atterhald?			

### 3.5 Mangelfull prisutfylling

Postar som ikkje er prisa sjås på som innkalkulert i andre postar, med mindre anna er angitt i tilbods brevet eller den mangelfulle utfyllinga skuldast ein openberr feil som det er utvilsamt korleis skal rettast.

### 3.6 Openberre feil

Dersom oppdragsgjevar vert merksam på openberre feil i tilbodet, skal desse rettast dersom det er utvilsamt korleis feilen skal rettast.

### 3.7 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til det tidspunktet som er gitt i punkt 1.11 ovanfor.

### 3.8 Omkostningar

Omkostningar som tilbydar pådrar seg i forbindelse med utarbeiding av tilbod og ein eventuell presentasjon/demonstrasjon av tilbydars produkt, vil ikkje bli refundert.



## 4 KRAVSPESIFIKASJON

Kravspesifikasjon går fram av dette vedlegget.

Vedlegg 2 – Kravspesifikasjon.

## 5 KVALIFIKASJONSKRAV

Føremålet med å stille krav til leverandørens kvalifikasjonar er å sikre at leverandøren er i stand til å oppfylle ein avtale i heile avtaleperioden. Leverandøren blir avvist dersom dokumentasjonen viser at dette ikkje er sannsynleg. Dersom leverandøren er klar over at opplysningar knytt til kvalifikasjonskrava kan medføre tvil om leverandørens evne til å oppfylle ein avtale, bør relevant tilleggsinformasjon leggest ved tilbudet.

Eventuelle atterhald/avvik til konkurransegrunnlaget med vedlegg skal gå fram av tilbudet som beskrive i punkt 3.4.

### 5.1 Skaffeattest

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ikkje ha vesentlege restansar for skatt og meirverdiavgift eller det skal føreligge en godkjent nedbetalingsplan.	Skatteattest, ikkje eldre enn 6 månadar

### 5.2 Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vera registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	Norske selskap: Firmaattest.  Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

### 5.3 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten. Leverandør må minimum oppnå en vurdering som «Kredittverdig», det vil si at leverandøren må være i risikoklasse 5 eller høgare på Experians skala.	Kredittvurdering som baserer seg på siste kjente rekneskapstal. Ratingen skal være utført av kredittopplysningsverksamheit som har konsesjon til å drive slik verksamheit. Dersom leverandøren har sakleg grunn til å ikkje leggje fram den dokumentasjon oppdragsgivar har krev kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart annet dokument som oppdragsgivar ser på som eigna.



## 5.4 Miljø

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vera miljøsertifisert	Sertifiseringsbevis for ISO14001-sertifisering, miljøfyrtårn eller tilsvarende miljøsertifisering

## 5.5 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha erfaring frå minst to (2) relevante oppdrag for arbeidsomfanget som er beskrevet i konkurransegrunnlaget med vedlegg, kva gjeld både omfang og kompleksitet.	<p>Dokumenterast ved å legge ved ei liste over dei viktigaste relevante oppdraga dei siste fem (5) åra.</p> <p>Beskrivinga må inkludere kort beskriving av oppdraget, oppdragets verdi, storleik, tidspunkt og oppdragsgjevar (namn, telefon nr. og e-post)</p> <p>Det er leverandørens ansvar å dokumentere relevans gjennom beskrivinga. Referansar vil berre bli kontakta ved behov.</p> <p>Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han råder over og kan nytte seg av til dette oppdraget, dette gjeld sjølv om erfaringa er opparbeida mens personellet har utført teneste for ein annan leverandør.</p>

## 5.6 Tredjemannsressursar

Etter FOA §16-10 kan ein leverandør støtte seg på andre føretak sin kapasitet for å oppfylle kravet til finansiell og økonomisk stilling og kravet til tekniske og faglege kvalifikasjonar. Med andre føretak blir det meint ei anna juridisk eining (rettssubjekt) enn leverandøren sjølv.

I de tilfella ein leverandør støtter seg på andre leverandørar sin kapasitet for å kunne kvalifisere seg, må leverandøren dokumentere ovanfor oppdragsgjevar at det andre føretaket har dei nødvendige ressursar og at den vil ha rådighet over dei nødvendige ressursane, til dømes ved å leggje fram ei forpliktingserklæring frå desse føretaka. Begge leverandørane skal og etter forskrifta §17-1 (6) levere separate erklæringar, dersom eigenerklæring blir kravd av oppdragsgjevar.

Dersom leverandøren støttar seg på andre føretak si kapasitet for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet, krev oppdragsgjevar at dei er solidarisk ansvarlege for utføringa av kontrakten, jf. anskaffelsesforskriften §16-10 (4). Leverandøren må derfor levere utfylt solidaransvarserklæring eller liknande rettsleg bindande stadfesting frå det andre føretaket om at dei hefter solidarisk for eventuelt ansvar under kontrakten. Oppdragsgjevar kan på ei kvar tid i konkurransen etterspørje ovannemnde dokumentasjon.

Oppdragsgjevar godtar også annan dokumentasjon for at leverandør faktisk har rådighet over dei nødvendige ressursane. Det må tydeleg gå fram om forpliktinga gjeld for økonomiske og finansielle kapasitet eller for tekniske og faglege kvalifikasjonar.





Ein leverandør som gjer inn tilbod aleine skal vurderast aleine i forhold til kvalifikasjonskrav treng ikkje å legge ved nokon forpliktingserklæring ved tilbodet.

	Ja	Nei	Vedlegg nr.
Skal leverandør støtte seg på tredjemannsressursar?			

## 6 AVGJERSLE AV KONKURRANSEN

### 6.1 Tildelingskriterium

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva tilbod som blir rangert til det beste etter følgjande tildelingskriterium:

Tildelingskriterium	Vekt	Detaljer/Dokumentasjon
Pris	50%	Pris blir vurdert ut frå totalsummen som er gitt i prisskjema.
Kompetanse	30%	Tilbode kompetanse for gjennomføring av kontrakten. CV til tilbode personell må leggest ved tilbodet
Gjennomføringstid	20%	Tilbydars sitt forslag til framdriftsplan

Anskaffinga er vurdert omfatta av FOA §7-9 (5), «anskaffing som i sin art har eit klimaavtrykk og ei miljøbelastning som er uvesentleg.» Dette i samsvar med DFØ si gjennomgang (Klimaintensitet for CPV-kode på hovednivå) av klimaavtrykk frå offentlege anskaffingar, der mellom anna Arkitekt-, konstruksjons-, ingeniør- og inspeksjonstenester med underkategoriar er vurdert til å ha lavt utslepp.

Ved evaluering av tilboda nyttar oppdragsgjevar ein evalueringsmodell der alle tilboda blir gitt ein poengscore på ein skala frå 0-10 for kvart av tildelingskriteria. Den gitte poengscoren til kvart av kriteria blir multiplisert med kriteriet si gitte relative vekt. Dei vekta poengscorene summerast og leverandøren med den høgaste totale poengscoren er vinnar av konkurransen.

For kvart vurderingskrav blir det beste tilbod gitt høgast poengscore (10), andre tilbod vil bli gitt ein poengscore i forhold til beste tilbod som representerer dei relevante forskjellane.

For tildelingskriteriet pris blir det gitt høgast poengscore for den lågaste prisen (totalpris). Forskjellar i poengscore speglar den prosentmessige forskjellen i pris frå lågaste tilbod (lineær metode). Pris som er  $\geq 100\%$  høgare enn lågaste pris, gis 0 poeng.

### 6.2 Innstilling på tildeling av kontrakt

Avgjersla som gjeld tildeling av kontrakt vil bli varsla skriftleg til alle tilbydarar samstundes i rimeleg tid før kontrakt blir inngått. Avgjersla vil innehalde ei grunngjeving for valet og gje informasjon om karenstid før kontrakt blir inngått.

## 7 KONTRAKT

Kontraktsvilkår kjem fram av Del II – Kontraktsgrunnlag.



## 8 INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODETS UTFORMING

Tilbudet skal leverast elektronisk via Mercell portalen, <https://permalink.mercell.com/224198365.aspx> innan tilbudsfristen. Leverandørar som allereie er registrert kan så logge inn i portalen.

Innhaldet i tilbudet skal organiserast som beskrive i punkt 3.2.

Tilbydarar med originaldokumentasjon utferda av offentlege mynde eller offentlege registrer i andre land skal ved sida av originaldokumentasjonen legge ved autorisert omsetjing. Dersom det ikkje føreligg autorisert omsetjing blir ikkje dokumentasjonskravet sett på som oppfylt og tilbudet vil bli avvist. Eventuelle fullmakter eller andre dokument som inneheld utsegn som har til hensikt å binde tilbydar rettsleg, skal føreligge i original utgåve på norsk med signatur.

## 9 FIRMAINFORMASJON OG SIGNERING

Leverandøren skal fylle ut tabellen og signere under tabellen

Firmanamn			
Org. Nr.			
Postadresse			
Besøksadresse			
Telefon nr.			
Kontaktperson			
Telefon nr.		Mobil nr.	
e-postadresse			

Ovannemnde leverandør gir med dette vedlagt tilbod på i henhold til dei føresetnadar som framkjem av konkurransegrunnlaget.

Vi vedstår oss vårt tilbod til den dato som er gitt i konkurransegrunnlaget. Tilbudet kan akseptast av oppdragsgjevar når som helst fram til vedståingsfrista.

.....  
Stad                      Dato                                      Underskrift

.....  
Namn med blokkbokstavar